

Rett til å gå på nærskulen

Regjeringa vil lovfeste eit forbod mot eit meir rettferdige inntakssystem i vidaregåande skule, og kallar det «fritt skuleval». Dette er ein bløff og eit billig marknadsføringstriks frå Høgre. Det er eit reint karakterbasert opptak dei vil lovfeste, det inneber nettopp at svært mange elevar ikkje får velje. Det er eit alvorleg feilgrep og ei krigserklæring mot lokaldemokratiet at fylka sjølve ikkje kan vedta betre ordningar i sine område.

Gode karakterar er ikkje likt fordelte og er ikkje primært berre eit resultat av eigen innsats. Forskinga er klar – elevane med dei beste karakterane er dei som kjem frå dei mest ressurssterke heimane og har foreldre med høg utdanning. Når marknadskreftene og reine karakterbaserte opptak får virke over mange år, får vi segregering og såkalla «A-og B-skular». Det vil seie eigne skular der alle elevane har dei beste karakterane og kjem frå ressurssterke heimar. I den andre enden samlar ein elevane med dei dårlegaste karakterane og dei dårlegaste forutsetningane. Ein slik måte å drive skule på aukar dei sosiale forskjellane, og dei negative effektane er godt dokumenterte av skuleforskarar i mange land.

For eit distriktsfylke vil ein karakterbasert modell også føre til ei utarming av skulestrukturen i distriktet. Byen lokkar for mange, og saman med dei større tettstadene vil Bergen trekke til seg dei elevane med best karakterar. Dette fører både til elevane med dårlegaste karakterar må reise lengre for å gå på vidaregåande, og til at elevgrunnlaget for distriktsskulane vert redusert, som igjen fører til at linjer vert nedlagt, og at dei elevane som ville gå på skule i heimkommunen plutsleg ikkje hadde eit tilbod likevel. Når vi veit at dei svake elevane har størst risiko for å slutte i vidaregåande opplæring, blir det enda meir urimeleg at dei skal risikere unødvendig lang reiseveg i tillegg.

SV i fylkestinget i Vestland har allereie fått ein siger i kampen mot karakterbasert opptak, nemleg at nærskuleprinsippet er slått fast som inntakskriterium i heile vestland og fylket er delt inn i nærskulesoner. Dette er første steg på veg mot ein enda meir rettferdig skulestruktur. Men SV vil vidare, ikkje bakover slik regjeringa no vil. Skal ein få motvirka såkalla «A og B-skular» og unngå segregering, så kan ein ikkje halde fram med at heile Stor-Bergen er eitt inntaksområde. Som eit minimum bør Bergen vere eitt inntaksområde, eventuelt bydelar i Bergen som inntaksområde.

Eit inntaksområde handlar om at dei som bur i område har førsterett til å gå på skulane der, så lenge linja du søker på er der. Alle andre kan og søke på skulen, men dei som kjem frå andre stader vil måtte konkurrere med om dei resterande ledige plassane etter at dei med nærskulerett har fått plass. For elevar som uansett må flytte på hybel må det verte innført særordningar.

Nærskuleprinsippet har fungert i beste velgåande i Trondheim og Trøndelag sidan 2003, og det er innført i fleire fylke. Nærskuleprinsippet er enkelt, det handlar om rett, ikkje tvang.

Ein rett til skuleplass på den næraste skulen som tilbyr det eleven ønskjer.

Forslag til frpsegn frå: Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen, Torunn Olsnes